



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/169688-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.07.2019

Oversending av vedtak etter veglova – Gnr. 245 bnr. 9 og 14 – Kvamme – Lindås kommune

Vi viser til frå Lindås kommune mottatt 05.07.2019, der vi blir beden om å fatte vedtak etter veglova.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå fv. 394 til eigedomen gnr. 215 bnr. 14 i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 26.07.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld fritidsbustad
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere 45 meter til kvar side av køyrebanen, *sjå Prinsippskisse*. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter), *sjå Prinsippskisse*. Svingradius skal markerast tydleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal ikkje vere meir enn 4,5 meter.
5. Stigningskravet skal haldast (*sjå krav til utforming*). Vi vil spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første to meterane (*sjå krav til utforming*).
6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna (*sjå Krav til utforming av avkøyrsl*).
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

I samband med oppløysing av sameige, samt arealoverføring mellom gnr. 215 bnr. 9 og 14, vert det stilt krav om justering av avkøyrsla til fylkesvegen.

Det er tale mindre justering av avkøyrsla for å unngå «dobbeltløp» som har etablert seg over tid. Vedlagt situasjonskart viser døme på korleis avkøyrsla kan opparbeidast for å tilfredsstillе våre krav til utforming. Det er i hovudsak naudsynt å slå saman dei to

avkøyrslene til ei, og opparbeide svingradius og breidda i avkøyrsla slik det er skildra i vilkåra. I praksis kan ein etablere ei god avkøyrslle ved å stenge eksisterande grind permanent og flytte grind nærare garasjen, samt sikre god hjørneavrunding mot fylkesvegen. Dersom søkjast har andre framlegg til løysing, kan vi også sjå på dei.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Bente Olsmo Høgheim, Sognefjordvegen 143, 6863 LEIKANGER
Lise Olsmo Oen, Hylsengane 4, 6863 LEIKANGER

Kopi
Kålås Bygg AS, Torvhusmyrane 2, 5913 EIKANGERVÅG
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan / illustrasjon
Krav til utforming av avkøyrslle
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslle

Statens vegvesens saksnummer 18/169688

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 394, hp hp 1, km 8,885, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 26.07.2019.

.....
Sted/dato


.....
underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til

Statens vegvesen, Pb 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no:


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)


Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:





Sikt 4x45meter

$b = 4,5\text{m}$

$r = 4\text{m}$

	Illustrasjon avkjørsle
	26.07.2019
	Målestokk 1:500
	Statens vegvesen